

Prioriteringsnøkkel for fysioterapi og ergoterapi tenesten

Vurdering av henvisning:

Alle henvisningane som vi mottar blir vurderte for å avgjere om

- a. Pasienten har rett til nødvendig (prioritert) helsehjelp til fysioterapi og ergoterapiteneste, og kor det blir fastsett ein frist for når saka skal startas på
- b. Pasienten har behov for helsehjelp, men ikkje rett til nødvendig (prioritert) helsehjelp fysioterapi og ergoterapiteneste, utan frist
- c. Pasienten ikkje har behov for fysioterapi og ergoterapiteneste.

Grunnlaget for prioritering

Det blir gjort ein fagleg vurdering av kor alvorleg tilstanden er og nytteverdi som tiltaket har for brukar

Begrep:

Ventetid: Det som ut frå helsefaglege vurderingar blir vurdert som forsvarleg ventetid.

Brått funksjonsfall: Stor funksjonsendring på svært kort tid. Personen mister emna til å utføre mange av dei oppgåvene ho/han klarte å utføre før

Føremål:

Prioritere henvisningar i tråd med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer, nasjonale og lokale føringar mm.

Sikre at prioritering som blir gjort er uavhengig av bustad, kjønn og sosial status.

Handtering:

- Ventetid reknast frå den dagen tenesten mottar henvisning og fram til tiltaket blir sett i verk/ når ein startar å jobbe med saka. Blir delt inn i direkte og indirekte brukarretta tiltak;
 - Starta behandling
 - Vore på heimebesøk eller hatt teleffonkontakt
 - Starta å skaffe tilbod/søke etter hjelpemiddel
- For brukar som blir meldt frå sjukehus/institusjon som ein som vil ha behov ved utskriving ei eller fleire veker fram i tid, reknast ventetid frå utskrivingsdato
- Brukar skal ha skriftleg tilbakemelding innan 3 veker (jf. Forvaltningsloven) om at ein henvisning er mottatt med opplysning om eventuell ventetid
- Hastesaker inngår ikkje i avviksregistreringa
- Førsteprioritet skal tas først
- Andreprioritet skal tas før tredje dersom tredje ikkje har gått over ventetid.
- Tredjeprioritet som har gått over ventetid skal tas før andreprioritet der ventetid ikkje er overskredet.

Avvik:

Klarer ikkje å halde frist i prioriteringsnøkkel

Prioriteringsnøkkel Barn og unge

Prioritet	Problemstilling	Målgruppe og eksempel	Ventetid
Raud Rask intervensjon nødvendig og har stor betydning for effekt av tiltak, brukars funksjonsnivå, lindring og livskvalitet. Set brukar i stand til å gjenvinne, oppretthalde funksjonsnivå og hindre varig funksjonstap	<p>Akutt , nyoppstått problemstilling Brått funksjonstap grunna skade, sjukdom, liding og/eller store endringer i omgivnadane</p> <p>Problemstillingar knytt til overgangsfasar. Trening og tiltak må begynnast på straks</p> <p>Problemstillingar knytt til terminal fase, tiltak retta mot eigenaktivitet og sosial deltaking, eller lindrar i betydeleg grad</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barn med fødselskader, t.d plexusskade, fotdeformitet • Spedbarn med definert diagnose t.d torticollis / asymetri • Barn med lungeproblem i akutt fase • Barn med progredierande sjukdom i akutt fase • Barn med reumatiske lidningar i akutt fase • Barn med nevrologiske lidningar med behov for intensiv behandling t.d oppfølging etter operasjon 	<p>Sak startast på innan</p> <p>14 dagar</p>
Gul Tidleg intervensjon er forventa å ha stor betydning for effekt av tiltak. Gir brukar høve til å forbetre og/eller oppretthalde funksjonsnivå og livskvalitet	<p>Begynnande/tiltakande funksjonssvikt med store konsekvensar for enva til størst mogleg sjølvstendig funksjon i kvardagen. Progredierande sjukdomsutvikling som fører til nedsett funksjon og auka hjelpebehov</p> <p>Forsinka funksjons- og aktivitetsutvikling i relasjon til alder</p> <p>Vidare kommunal saksgang og henvising til andre instansar er avhengig av vurdering frå terapeut</p> <p>Planlagte overgangsfasar, oppfølging er nødvendig og kan planleggast</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Spedbarn med sein motorisk utvikling • Premature barn • Barn med Down`s syndrom/andre syndrom • Førskule og skulebarn med sein motorisk utvikling og /eller samansette vanskar • Barn med lungeproblem – kronisk fase • Barn med progredierande sjukdom • Barn med reumatiske lidningar • Barn med nevrologiske lidningar • Barn som blir henvist til spesialisthelseteneten • Bistand i overgangsfasar (t.d barnehage- skule) • Barn som har problem med å utføre daglege aktivitetar som td. bu i eigen bustad, delta i leik og/eller mestre deltaking i barnehage/skule best mogleg 	<p>Sak startast på innan</p> <p>30 dagar</p>
Grøn Intervensjon frå terapeut blir vurdert som hensiktsmessig, kan vente	<p>Rørsle eller aktivitetsproblem som følgje av kronisk og/eller langsomt progredierande sjukdom i roleg fase</p> <p>Forsinka funksjons- og aktivitetsutvikling i relasjon til alder</p> <p>Planlagte overgangsfasar, oppfølging er nødvendig og kan planleggast i god tid</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeid med koordinering av IP • Vurdering av fotproblematikk • Skulebarn med sein motorisk utvikling og/eller samansette vanskar • Barn med psykosomatiske vanskar • Barn med Down`s syndrom/andre syndrom for rettleiing og vedlikehald • Barn med progredierande sjukdom i roleg fase • Skulebarn med nakke/rygg og skulderproblematikk der tverrfagleg bistand er hensiktsmessig • Barn i overgangsfasar (t.d barneskule til ungdomsskule) 	<p>Sak startast på innan</p> <p>90 dagar</p>

Prioriteringsnøkkel voksne og eldre

Prioritet	Problemstilling	Målgruppe og eksempel	Ventetid
Raud Rask intervensjon nødvendig, har stor betydning for effekt av tiltak, brukers funksjonsnivå, lindring og livskvalitet. Set brukar i stand til å gjenvinne, oppretthalde funksjonsnivå og hindre varig funksjonstap	Akutt , nyoppstått problemstilling Brått funksjonstap grunna skade, sjukdom, liding og/eller store endringer i omgivnadane Problemstillingar knytt til overgangsfasar. Trening og tiltak må begynnast på straks Problemstillingar knytt til terminal fase, tiltak retta mot eigenaktivitet og sosial deltaking, eller lindrar i betydeleg grad	<ul style="list-style-type: none"> • Personar med lungeproblem i akutt fase • Nyopererte • Rehabiliteringspasientar som er innlagt på kommunal institusjon • Rehabilitering og tilrettelegging i forbindelse med utskrivning frå rehabiliteringsavd. på sykehus • Personar med hurtig progredierande liding (ALS) • Personar med canser i terminal fase 	Sak startast på innan 14 dagar
Gul Tidleg intervensjon er forventa å ha stor betydning for effekt av tiltak. Gir brukar høve til å forbetre og/eller oppretthalde funksjonsnivå og livskvalitet	Begynnande/tiltakande funksjonssvikt med store konsekvensar for enva til størst mogleg sjølvstendig funksjon i kvardagen. Progredierande sjukdomsutvikling som fører til nedsett funksjon og auka hjelpebehov Forsinka funksjons- og aktivitetsutvikling i relasjon til alder Vidare kommunal saksgang og henvisning til andre instansar er avhengig av vurdering frå terapeut Planlagte overgangsfasar, oppfølging er nødvendig og kan planleggast	<ul style="list-style-type: none"> • Personar med langvarige/kroniske lidingar i dårelg fase • Personar med særleg behov for tilrettelegging • Personar med behov for utredning t.d i forhold til bustad, biltilpassing eller kognitiv fungering • Personar med behov for vurdering i høve henvisning til spesialisthelsetenesten • Overgangsfasar t.d overgang skule arbeid, bytte av arbeidsplass, flytting til ny bustad • Personar som har problem med å utføre daglege aktivitetar som t.d bu i eigen bustad, delta i arbeidsliv eller mestre omsorgsansvar 	Sak startast på innan 30 dagar
Grøn Intervensjon frå terapeut blir vurdert som hensiktsmessig, kan vente	Rørsle eller aktivitetsproblem som følge av kronisk og/eller langsomt progredierande sjukdom i roleg fase Forsinka funksjons- og aktivitetsutvikling i relasjon til alder Planlagte overgangsfasar, oppfølging er nødvendig og kan planleggast i god tid	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeid med koordinering av IP • Lungepasientar i stabil fase • Personar med nevrologiske eller psykiske lidingar i stabil fase • Rettleiing i forhold til personar med psykisk utviklingshemming 	Sak startast på innan 90 dagar